



# ***Heimen*. Lokalhistoria inn i eit nytt tusenår. Del 2 (1995–2022)**

## ***Heimen*: Local History Into a New Millennium. Part 2 (1995–2022)**

Leidulf Melve

*Professor i historie, Institutt for arkeologi, historie, kultur og religionsvitenskap, Universitetet i Bergen*

[Leidulf.Melve@uib.no](mailto:Leidulf.Melve@uib.no)

### **Samandrag**

Artikkelen diskuterer det lokalhistoriske tidsskriftet *Heimen* frå 1995 til 2022. Utgangspunktet er den allereie skisserte utviklinga til tidsskriftet frå grunnlegginga i 1922 til 1994, men merksemda er først og fremst retta mot korleis *Heimen* møtte spørsmål og utfordringar som eit nytt tusenår målbar. Ei kvantitativ analyse av alle hovudartiklane i tidsskriftet i perioden (1995–2022) dannar eit grunnlag for å diskutere profilen til *Heimen* ved også å dra inn redaksjonelle programforplikingar og debattar om tidsskriftet så vel som einskilde artiklar som tek opp lokalhistorie som felt.

Nøkkelord

historiografi, *Heimen*, lokalhistorie, vitskapshistorie

### **Abstract**

The article discusses the local-historical journal *Heimen* from 1995 to 2022. The point of departure for the discussion is the already sketched development of the journal from its inception in 1922 until 1994, but the emphasis is first and foremost on how *Heimen* encountered questions and challenges revealed by a new millennium. A quantitative analysis of all the main articles in the aforesaid period (1995–2022) is one point of the departure for discussing the profile of *Heimen*, expanding this overview with debates regarding the journal as well as articles that deal with local history as a field.

Keywords

historiography, *Heimen*, local history, history of science

## Innleiing

Då redaksjonen presenterte det nye tidsskriftet *Heimen* i 1922, var det i ein symbolikk henta frå landsbygda og gardslivet: «Tidsskriftet bør bli det verksted, hvor ilden brenner og interessen holdes varm; det bør være møtstedet, hvor samlingstanken virker òg i de måneder og år, da landsmøter ikke kan holdes.»<sup>1</sup> Tre erkjenningssinteresser prega tidsskriftet frå starten av – ei lokalhistorisk, ei institusjonell og ei vitskapsteoretisk. Medan tilhøvet mellom desse var prega av likeverd i den lange redaktørtida til Oscar Albert Johnsen (1922–1945), blei den vitskapsteoretiske erkjenningssinteressa gradvis viktigare. Det tidsskriftet som møtte oss midt på 1990-talet, var på somme grunnleggjande måtar det moderne *Heimen*: eit vitskapleg tidsskrift som byrja å bli prega av av nye bindestrekshistoriar, men som likevel var djupt forankra i ei lokalhistorisk erkjenningssinteresse.<sup>2</sup>

Med dette som utgangspunkt vil denne artikkelen diskutere utviklinga i *Heimen* frå 1995 til 2022. Framstillinga vil, i tillegg til redaksjonelle føreord, utvalde artiklar og historiografiske oversyn, støtte seg på ei kvantitativ analyse av 450 hovudartiklar publiserte i *Heimen* mellom 1995 og 2021. Artiklane er ordna med omsyn til eit knippe kategoriar: forfattaren sitt kjønn, historisk periode for undersøkinga (antikken, mellomalder, 1500–1800, 1800–1945, 1945–), den romlege plasseringa av undersøkinga (ikkje-europeisk, europeisk, nordisk, norsk, norsk lokal- og regionalhistorie og transnasjonal historie) og 12 saksområde:<sup>3</sup>

<b>Forvaltning og finansar</b> (krigsfinansiering, anlegg, sparetiltak, forvaltninga generelt, kyrkja, undervisningsvesenet, Forsvarets organisasjon)
<b>Historievitskap</b> (historieteori, kjeldestudier, historiografi, arkivvitskap, diplomatikk, historiedidaktikk, historiebruk)
<b>Idé- og opinionshistorie</b> (rettsleg, religiøs, filosofisk, politisk, strategisk/taktisk teori, økonomisk teori, opinionshistorie, propagandahistorie, pressehistorie, intellektuell historie)
<b>Sosialhistorie</b> (sosiale grupper, massefenomen, kvinnehistorie, mannshistorie, kjønshistorie, barnehistorie, arbeidshistorie, minoritetshistorie)
<b>Biografi</b>
<b>Politisk historie</b> (statsrett, privilegium, lovgjeving, trykkefridom, politiske spørsmål, reformer, gruppers synspunkt på politiske saker, politiske maktgrupper, politiske hendingar /kriser)
<b>Økonomisk historie</b> (business history mm.)
<b>Kulturhistorie</b> («ny kulturhistorie», mikrohistorie m.m.)
<b>Vitskapshistorie</b> (helse- og medisinhistorie m.m.)
<b>Demografi- og migrasjonshistorie</b>
<b>Rettshistorie</b>
<b>Byhistorie</b>

1. Johnsen et al. 1922/25: 2

2. Sjå «*Heimen*. Erkjenningssinteresser, redaksjonell profil og sjølvforståing. Del 1 (1922–1994)». Eg står i gjeld til Jürgen Habermas når det gjeld omgrepet «erkjenningssinteresse». Habermas kritiserer eit syn som meiner at forskning og menneskeleg erkjenning byggjer på interesselaus observasjon. For Habermas spring erkjenning ut av ulike handlingssamanhengar, og det er frå slike samanhengar eg har avleia erkjenningssinteressene i *Heimen*. Sjå Habermas 1968. Sjå elles Alsvik 1996; Tretvik 2004 for fine gjennomgangar av framveksten av den moderne lokalhistoria. Sjå òg Winge 1995a, 1995b; Skeie 2018; Hundstad 2020

3. Kategoriane er henta frå svenske undersøkingar, men justerte for å passe betre til å analysere det norske materialet, sjå Ryymin et al. 2019: 137–138. Sjølvkategorisering har blitt tillagt stor vekt, medan der slike manglar, har tematisk tendens i artikkelen vore utslagsgjevande.

## Frå redaksjonelt hald: tendensar og utfordringar

Då Volda-redaksjonen med Atle Døssland, Arnfinn Kjelland og Arnljot Løseth overtok tidsskriftet i 1995, starta dei, interessant nok, med eit historiografisk tilbakeblikk som peika på vitskapleggjeringa av feltet som følgje av ein «'masseproduksjon' av folk med høgare utdanning – hovudfag – innanfor historiefaget».<sup>4</sup> I så måte gjorde innføringa av eit redaksjonsråd i 1995 – og ikkje minst fagfellevurdering i 2001<sup>5</sup> – sitt for at redaksjonen frå Telemark og Vestfold i 2007 for første gong understreka at *Heimen* hadde ein vitskapleg profil og signatur lik andre vitskaplege tidsskrift: «vitenskapelige artikler med fullt noteapparat og bibliografi, som blir gjenstand for fagfellevurdering.»<sup>6</sup>

Redaksjonane sidan 1995 har likevel hatt ei ambivalent haldning til vitskapleggjeringa av tidsskriftet. Volda-redaksjonen lanserte, som motvekt til vitskapleggjeringa, det dei kalla «eit utvida lokalhistorieomgrep» der lokalhistorie i større grad blei knytt til musea, kommunale kulturkontor, historielag og andre som dreiv materielt kulturvern.<sup>7</sup> Seinare redaksjonar målbar ein liknande ambivalens: på den eine sida ei understreking av at tidsskriftet er fagleg eller vitskapleg, og på den andre sida forsøk på å innlemme større segment av det lokalhistoriske miljøet innanfor rammene til *Heimen*. Det utvida lokalhistorieomgrepet blei såleis ført vidare av Stavanger-redaksjonen (2003–2006), som sameleis understreka den potensielle rolla til musea og «andre institusjonar som arbeider med lokalhistorie».<sup>8</sup> Andre redaksjonar har lagt vekt på at «den populærhistoriske fremstillingsmåten skal fortsatt ivaretas»,<sup>9</sup> medan fleire har peika på kor viktig «amatørane» eller «folk flest» er for tidsskriftet.<sup>10</sup>

Dei redaksjonelle føreorda sidan 1995 tematiserer ikkje berre mykje dei same momenta, men det er òg slik at vurderingar av profilen for det meste er dei same. Der *Historisk tidsskrift* i same periode vitna om forsøk på redaksjonell omkalfatring,<sup>11</sup> finst ikkje noko slikt i *Heimen*. «'Kontinuitet, ikke brudd'» heitte det frå Kristiansand-redaksjonen i 1999.<sup>12</sup> Faktisk er det slik at alle redaksjonane sidan 1995, med eitt unntak, har understreka at dei har få «nye visjonar», og at dei ønsker å vidareføra prinsippa frå den førre redaksjonen.<sup>13</sup> Langt dei fleste redaksjonane har òg lagt vekt på verdien av mangfald,<sup>14</sup> delvis avleia frå tidsskriftet si eldre normforståing, men òg knytt til eit ønske om at *Heimen* skal vere aktuelt og relevant.<sup>15</sup>

Kontinuitet og mangfald har altså blitt understreka av fleire redaksjonar sidan 1995. Ytterlegare to moment bør òg bli nemnde i denne gjennomgangen av redaksjonell profil. Det første momentet, spørsmålet om nye emne og nye måtar å arbeide på, må sjåast i ljøs av det utvida lokalhistorieomgrepet.<sup>16</sup> Ønske om å utvide den tematiske og kronologiske ramma går tilbake til redaktørperioden til Jørn Sandnes i siste del av 1970-talet – i kraft av at Sandnes ønska seg ei ny lokalhistorie som i større grad innlemma byar.<sup>17</sup> Medan alle

4. Kjelland et al. 1995: 2

5. Kjelland et al. 1995: 1; Abrahamsen 2001: 1

6. Nordby et al. 2007a: 1

7. Kjelland et al. 1995: 2

8. Østrem et al. 2003a: 2

9. Abrahamsen 2001: 1

10. Østrem et al. 2003a: 2; Nordby et al. 2007b: 273; Hutchinson et al. 2014: 290; Røskaft et al. 2015: 1; Hoel et al. 2019: 5

11. Melve 2021: 327

12. Abrahamsen et al. 1999: 1

13. Kjelland et al. 1995: 2, 1998b: 241; Abrahamsen et al. 1999: 1; Østrem et al. 2003a: 1; Aas et al. 2011a: 1; Hoel et al. 2019: 5

14. B. Slettan 2000: 257; Østrem et al. 2006a: 1; Nordby et al. 2007a: 1

15. «... relevans for lokal og regional historie», Nordby et al. 2007a: 1; «eit aktuelt tidsskrift», Røskaft et al. 2015: 1; «... ein profil som blir oppfatta som relevant», Hoel et al. 2019: 5

16. Østrem et al. 2006a: 1

17. Sandnes 1976/78: 2

redaksjonane sidan 1995 har oppfordra til å innlemme nye emne, er det ein viss skilnad med omsyn til kva redaksjonane la i dette, og med kva tyngde horisontutvidingar blei sette fram. Om me ser vekk frå refleksjonar knytt til temahefte, er oppfordringane om å ta opp nye emne og nye måtar å arbeide på stort sett av det generelle slaget frå redaksjonane mellom 1995 og 2006. Redaksjonen frå Telemark og Vestfold var derimot meir konkret og, ikkje minst, meir normativ. Lokalhistorie burde vere tverrfagleg, samstundes som den burde vere internasjonal i orientering.<sup>18</sup> Seinare redaksjonar følgde opp denne oppmodinga – redaksjonen i Nordland ved å leggje vekt på det internasjonale perspektivet<sup>19</sup> og redaksjonen i Trøndelag ved å innlemme det tverrfaglege i eit vidt lokalhistorieomgrep.<sup>20</sup> Redaksjonen frå Telemark og Vestfold hadde òg klare tankar om tilnærming:

Enda viktigere er det at vi gjennom internasjonalt komparativ og transnasjonal lokalhistorie kan trenge dypere inn i materien, og få en dypere forståelse av hva som egentlig er lokalt, eller regionalt, og hva som er felles på tvers av grenser og etablerte enheter.<sup>21</sup>

Tilnærminga knytt til det transnasjonale er av nyare dato, men oppmodingar om å løfte blikket mot andre land går attende til redaktørtida til Sandnes på 1970-talet. I 1995 argumenterte Volda-redaksjonen – i kraft av eit historiografisk tilbakeblikk – for fleire komparative undersøkingar ved nettopp å syne til den avgrensa bruken av tilnærminga.<sup>22</sup> Alle etterfølgjande redaksjonar fram til og med den sitjande har formulert liknande programforpliktingar.<sup>23</sup>

Redaksjonane sidan 1995 har altså vore meir opptekne av nye måtar å arbeide på enn av nye emne, men det er berre redaksjonen i Telemark og Vestfold som har tatt ei klar stilling til kva lokalhistoria bør handle om: «I dag kan det hevdes at det er et hovedmål for lokalhistorien å bringe glemte og marginaliserte grupper fram i lyset og gi dem deres historie tilbake.»<sup>24</sup> I eit historiografisk perspektiv er det interessant at det som på 1960- og 1970-talet blei ei slags programklæring for den nye sosialhistoria, ei synleggjering av dei gruppene som av ulike grunnar har blitt utelete frå historia, i 2008 blei henta fram og gjort til «et hovudmål for lokalhistorien».

Diskusjon har det òg vore kring kjønnsdimensjonen til tidsskriftet. Redaksjonen i Trøndelag opna med å erklære at «lokalhistoriefeltet har vore ein mannsbastion både fagleg og organisatorisk».<sup>25</sup> I dette har dei heilt rett. Sjølv om fråværet av kvinnelege lokalhistorikarar så vel som kvinnehistoriske vinklingar blei etterlyst allereie midt på 1970-talet,<sup>26</sup> blei den første distinkt kvinnehistoriske artikkelen i *Heimen* prenta først i 1984.<sup>27</sup> I så måte reflekterte *Heimen* den generelle fordelinga mellom kjønna innan lokalhistorie – som i tida mellom 1970 og 1990 var på kring 10 %.<sup>28</sup>

18. I kraft av at dei ønska «å bringe så vel artikler om kilder til norsk lokalhistorie i utenlandske arkiver og biblioteker, som impulser fra lokal- og regionshistorie i andre land», Nordby et al. 2007a: 1

19. Aas & Hutchinson 2013: 193

20. «Til grunn for det redaksjonelle arbeidet legg vi eit vidt begrep for lokalhistorie. Vi ser lokalhistorie som ein tverrfaglig disiplin med opne grenser inn mot andre kulturfag, samfunnsfag og naturfag.» Røskaft et al. 2015: 1

21. Nordby et al. 2008: 194

22. Kjelland et al. 1998a: 161

23. Hutchinson et al. 2014: 290; Røskaft et al. 2015: 2; Hoel et al. 2019: 6

24. Nordby et al. 2008: 193

25. Røskaft et al. 2015: 1

26. Sjø Nysæter 1995: 73

27. Berggren 1984

28. Niemi & Winge 1994: 27. Sjø òg Marthinsen 1997: 16, som viser til mange eksempel på «integrert kvinnestoff», men likevel kan konstatere at Vadsø-historia til Randi Balsvik er «den eneste hittil som har brukt kvinnene som innfallsvinkel og forklarende perspektiv for hele samfunnsutviklingen».

Mykje har skjedd sidan den gong, og med blick på *Heimen* har særleg utviklinga det siste tiåret vore positiv med omsyn til balanse mellom kjønna. I vår periode var Nordland-redaksjonen den første som tematiserte bidrag frå kvinner til tidsskriftet, i form av å vise til ein kvinnedel på nær 40 % i årgangane 2012–2014.<sup>29</sup> Medan *Heimen* berre har hatt to kvinnelege redaktørar – Randi Kleiven (1952–1953) og Guro Nordby (2007–2010) – var redaksjonen som aksla på i 2016, ein rein kvinneveredaksjon. Dette resulterte ikkje i ei klar erklæring om å endre kjønnsprofilen til tidsskriftet. Kvinneandelen gjekk faktisk ned under Trøndelag-redaksjonen, til kring 30 %. Den auka noko att under den sitjande redaksjonen frå Sogndal, med 2020 som eit toppår, då 14 av 26 forfattarar av hovudartiklar var kvinner.<sup>30</sup>

Om me samanliknar to tidsbolkar, 1995–2000 og 2016–2021, og ser på samansettinga av kjønn, viser det seg ikkje berre at kvinnedelen er 5 % høgare i siste periode (29,7 % opp frå 24,4 %), men òg at artiklar med forfattarar av baa kjønn (som var fråverande i første tidsbolke) utgjer 12,9 %. Kvinner er altså representert i 42,6 % av artiklane i *Heimen* mellom 2016 og 2021. Som åleineforfattar er ein slik kvinnedel, på mellom 25 % og 40 %, høgare enn den i *Historisk tidsskrift* i same periode.<sup>31</sup> I baa høva reflekterer balansen i favør menn vel mest at det finst færre kvinnelege enn mannlige historikarar.

Temaet som fekk størst merksemd i føreordet i *Heimen* i denne perioden var spørsmålet om statusen til lokalhistorie innanfor det større historiefaget. Av redaksjonane i tida etter 1995 var det Stavanger-redaksjonen som først tematiserte spørsmålet. Det blei reflektert over omdømmet til lokalhistorie meir ålment; redaksjonen såg teikn til at lokalhistorie hadde tapt omdømme og status.<sup>32</sup> Den lokalhistoriske forskingsprosessen blei òg via merksemd, delvis ved å leggje vekt på at den er meir kjenslebasert og prega av engasjement for det emnet ein skriv om.<sup>33</sup> Til sist blei lokalhistorikaren sitt etiske ansvar understreka, kanskje som ein reaksjon på den såkalla Alnæs-saka.<sup>34</sup>

Diskusjonen om eigenarten og potensialet til lokalhistoria blussa opp att i kjølvatnet av rapporten frå evalueringsutvalet som tok føre seg norsk historieforskning i tida frå 1996 til 2005 (2008).<sup>35</sup> Det første innlegget, frå redaksjonen i Telemark og Vestfold, var mest av alt eit forsvarsskrift som imøtegekk dei negative konklusjonane i rapporten: Lokalhistorie er metodisk nyskapande, den er ikkje nærsynt og provinsiell, den debatterer grunnlagsproblem og den er ikkje nasjonal i si orientering.<sup>36</sup> Den etterfølgjande redaksjonen i Nordland nytta på si side konklusjonane om teori- og metodefattigdommen innan oppdragsforskning som eit utgangspunkt for å oppmode til meir teori- og metodediskusjon.<sup>37</sup>

I den grad det er mogeleg å finne usemje mellom redaksjonane, er denne usemja knytt til det nasjonale. Forsvarsskriftet frå redaksjonen i Telemark og Vestfold blei i så måte eit forsvar for den gamle normforståinga, spedd i somme nyare tankar om internasjonalisering og det tverrfaglege. Trøndelag-redaksjonen var dermed den første som tematiserte det nasjonale på ein meir djuptloddande måte:

29. «Dette er sjølvsagt ikkje bra nok, men det vitnar om at ting betrar seg langsamt», Hutchinson et al. 2014: 289

30. Hoel et al. 2021: 114. Sogndal-redaksjonen oppmoda òg kvinner til å sende inn manuskript, Hoel et al. 2019: 5

31. Melve 2021: 317–319

32. Østrem et al. 2003a: 81

33. Østrem et al. 2003b: 81, 2006b: 177

34. Østrem et al. 2005: 97

35. Sjø Stråth et al. 2008

36. Nordby et al. 2008: 193

37. Aas et al. 2011b: 97. «Fattigdommen» blei ikkje konkretisert, og det blei då heller ikkje sett fram forslag til kva diskusjonen burde handle om – historikarar må «reflektere over kva ein held på med».

På same vis som openheit i forhold til andre fagområde, ønskjer vi å fristille oss frå nasjonale grenser og sjå på dynamikken mellom ulike nivå og geografiske regionar. Vi ser for oss artiklar som tar for seg grensekryssande lokalhistorie, samanfletta lokalhistorie og komparativ lokalhistorie.<sup>38</sup>

Redaksjonen viste rett nok ikkje til evalueringsrapporten, men det er vanskeleg å lese desse linene utan å registrere ei heilt anna haldning til det nasjonale. Sjølve premissen var trass alt at det nasjonale ikkje berre har vore ei dominerande erkjenningssinteresse for lokalhistorie generelt og *Heimen* spesielt, men òg at det som evalueringsrapporten kalla «metodologisk nasjonalisme», blei sett på som eit hinder for den perspektivutvidinga som redaksjonen tok til orde for. Det er såleis indikerande at alle dei nye tilnærmingane som blei nemnde, grensekryssande lokalhistorie, samanfletta lokalhistorie og komparativ lokalhistorie, har blitt rekna som tilnærmingar som tvingar forskaren ut av nasjonale rammes og tilnærmingar.

Eit blick på profilen til *Heimen* sidan 1995 syner at det ikkje er utan grunn at redaksjonar har problematisert det nasjonale. Det nasjonale rommet for undersøking dominerer nemleg stort. Artiklar som rører seg i eit lokal- og regionalt rom, utgjer over 65 % av hovudartiklane (275 av 450). Saman med dei 139 artiklane som har Noreg som geografisk rom, ligg altså 92 % av artiklane innanfor det nasjonale rommet. Det er òg interessant å konstatere at endringane frå 1995 til 2020 er marginale. Det nordiske rommet er representert med 14 artiklar (i overkant av 0,03 %), medan undersøkingar plasserte i eit europeisk rom tel 4 artiklar (i underkant av 0,009 %). Den siste artikkelen av dette slaget blei publisert så langt attende som i 2003, «Lokalhistorie i England – landskap og kultur» av Alan Hutchinson.<sup>39</sup>

Trass i oppfordringar til «grensekryssande» og «samanfletta» historie finst det berre 12 artiklar innanfor denne kategorien, langt dei fleste frå redaksjonstida til Østfold og Telemark. Samanlikna både med norske doktoravhandlingar og med artiklar i *Historisk tidsskrift* er det liten tvil om at *Heimen* er eit distinkt nasjonalt tidsskrift, sjølv om me ikkje skal overdriva skilnadane. Det er rett nok stor skilnad med omsyn til doktoravhandlingane. Noreg la ramma i berre 53 % av avhandlingane i tida mellom 2010 og 2015.<sup>40</sup> Transnasjonal historie har òg hatt ein sterkare posisjon i *Historisk tidsskrift*, men her er det verdt å merke seg at tida etter 2000 vitnar om ei parallell styrking av det nasjonale rommet.<sup>41</sup>

## Meir om profilen til *Heimen*: saksområde og periode

Redaksjonane etter 2007 har altså i større grad understreka nye måtar å arbeide på, men utan at slike oppmodingar har endra profilen til tidsskriftet i vesentleg grad. Transnasjonal historie – som vanlegvis inneber teoretisk og metodisk nyorientering – er som nemnt eit marginalt innslag i *Heimen*. Komparative artiklar finst det òg få av, og dei dukkar i all hovudsak opp innanfor byhistorie og økonomisk historie. Arne Martin Klausen er faktisk den einaste som diskuterer bruken av samanlikning for å utvide perspektivet i lokalhistoriske undersøkingar.<sup>42</sup> Etterlysinga av nye måtar å arbeide på har dermed ikkje hatt stor verknad. Det er igjen freistande å samanlikne med *Historisk tidsskrift*. Trass i eit sterkt redaksjonelt ønske om å omkalfatre tidsskriftet på byrjinga av 2000-talet blei resultatet heller skort. Ut over eit større innslag av transnasjonale perspektiv og tilnærmingar er det i *Historisk tidsskrift* – som i *Heimen* – langt mellom artiklar som syner nye måtar å arbeide på.

38. Røskaft et al. 2015: 2

39. Hutchinson 2003

40. Ryymin et al. 2019: 142. 66 % av avhandlingane mellom 1990 og 1999 hadde Noreg som eining for undersøking.

41. Melve 2021: 322

42. Klausen 1998

Om det som er sagt så langt, gjev inntrykk av eit konservativt og innoverskodande tidskrift med avgrensa evne og vilje til sjølvrefleksjon, stemmer ikkje dette heilt om merksemda er retta mot kva det blir publisert om. Likeins som *Historisk tidsskrift* dekkjer *Heimen* i tida etter 1995 alle 12 saksområda. Det er rett nok dei som er heilt marginale, slik som vitskapshistorie (2), biografi (4), rettshistorie (5) og idé- og opinionshistorie (9). Det første av 16 bidrag innan byhistorie dukka først opp i eit temanummer i 2002. Heller ikkje «demografi- og migrasjonshistorie» og «forvaltning og finansar» gjer mykje av seg, med høvesvis 25 (kring 5,5 %) og 31 (kring 6,9 %) bidrag.<sup>43</sup> *Heimen* er altså like mangfaldig som *Historisk tidsskrift*, men med somme distinkte skilnader med omsyn til saksområde og utviklinga innanfor denne kategorien.

For det første har politisk historie, som har hatt ein sterk posisjon i *Historisk tidsskrift*,<sup>44</sup> vore eit randfenomen i *Heimen*. Til saman 45 artiklar (10 %) krinsar om politisk historie, og sjølv om det er mogeleg å sjå ei viss auke det siste tiåret, er det openbart at tidsskriftet ikkje vier dette saksfeltet særleg merksemd. I kva grad *Heimen* kan nyttast som ein spegel for den historiefaglege utviklinga generelt, er vanskeleg å seie, men det er uansett interessant at Dagfinn Slettan allereie midt på 1990-talet peika på at «politikken er tona ned» i norsk lokalhistorie.<sup>45</sup> Eit stort fleirtal av desse artiklane rører seg i eit lokalt rom for undersøking (26), men det finst òg 13 artiklar med det nasjonale rommet som ramme. Inntrykket frå artiklane med eit lokalt perspektiv er etter måten god dialog mellom det lokale og det nasjonale. Det er i alle høve få teikn på at den tidvis polariserte diskusjonen mellom det lokal- og det rikshistoriske frå 1970-talet framleis legg premisser for spørsmål og tilnærming.

For det andre står sosialhistorie, økonomisk historie og kulturhistorie sterkare. Sosialhistorie fekk for alvor fotfeste i *Heimen* i siste del av 1970-talet og særleg på 1980-talet, medan økonomisk historie markerte seg noko seinare, i siste del av 1980-åra. Registeret for 1967–1994 differensierer interessant nok ikkje mellom sosial- og økonomisk historie, og alle dei 27 artiklane innan denne kategorien er frå band 16 (1973/75) og frametter.<sup>46</sup> I perioden 1995–2021 prenta *Heimen* 71 artiklar innanfor sosialhistorie (15,8 %), medan dei 68 artiklane innanfor økonomisk historie utgjer i overkant av 15 % av totalen. Interesse for desse to saksfelte har vore høg og vedvarande gjennom perioden.

Kulturhistorie syner eit heilt anna utviklingslaup. Registeret (1967–1994) viser berre til to artiklar under «kulturhistorie»,<sup>47</sup> og det er heller ikkje mykje kulturhistorie å finne i siste del av 1990-talet. Av dei til saman 74 (16,4 %) artiklane innanfor kulturhistorie for perioden 1995–2021 er det store fleirtalet frå tida etter 2000. Det er vanskeleg ikkje å kalle dette ei kulturhistorisk vending. Heller er ho ikkje reservert for *Heimen*, sjølv om tendensen her er endå sterkare enn i *Historisk tidsskrift*, der i underkant av 10 % av bidraga sidan 2000 er i dette saksfeltet. I norske doktoravhandlingar står faktisk kulturhistorie, i all hovudsak «den nyare kulturhistoria», endå sterkare. Ingen avhandlingar blei levert om emnet før 2000, medan dei utgjer 25 % i tida mellom 2000 og 2015.<sup>48</sup> Den nyorienteringa som Liv Marthinsen såg spor etter i siste del av 1990-talet – med ei vekt på å «sette det levde liv i sentrum»<sup>49</sup> – har såleis verkeleg markert seg i *Heimen*.

For det tredje er ein oppsiktsvekkjande høg del av artiklane innanfor «historievitskap». Heile 97 artiklar (21,5 %) ligg innanfor dette saksfeltet. Dette er høgare enn *Historisk tids-*

43. Det er vanskeleg å sjå klare utviklingstendensar innanfor desse to saksfelte.

44. 27,5 % av artiklane mellom 2000 og 2020 er innanfor saksfeltet politisk historie.

45. D. Slettan 1995: 123

46. Molde 1995: 180–181

47. Molde 1995: 170

48. Ryymin et al. 2019: 144

49. Marthinsen 1997: 17

skrift (17 % mellom 2000 og 2020), samstundes som det samsvarer med tendensen til at fleire doktoravhandlingar inneheld meir omfattande teoretisk-metodiske refleksjonar.<sup>50</sup> Men medan bidraga innanfor «historievitskap» er ytst mangfaldige i *Historisk tidsskrift*, reflekterer eit fleirtal av artiklane i *Heimen* over forma og funksjonen til lokalhistoria. Lokalhistoria har ein lang tradisjon for sjølvrefleksjon, og frå 1970-talet var *Heimen*, som me har sett, eit viktig fora for å diskutere lokalhistoria sine utfordringar. Det er liten tvil om at tidsskriftet held på denne stillinga òg etter 1995, men med den skilnaden at bidraga innanfor historievitskap femna breiare. Lokal- og regionalhistorie var framleis utgangspunktet, men diskusjonane på 1990- og 2000-talet tematiserte i større grad lokalhistoria sitt tilhøve til eit meir mangfaldig saksfelt. Metodiske spørsmål, gjerne knytt til kjelder, dominerte, men dei historievitskaplege artiklane vekta òg nye tilnærmingar så vel som vitskapsfilosofiske følgjer av nye syn på subjektivitet i kjølvatnet av den språklege vendinga. Historiografi er svakare representert, og det same gjeld diskusjonar om teori i vid tyding. Diskusjonane femnar rett nok over eit meir mangfaldig saksfelt og involverer somme nye tilnærmingar, men dei minner om diskusjonane i tida før 1995 – i *Heimen* så vel som andre stader. I 1994 peika Einar Niemi og Harald Winge på at den lokalhistoriske debatten i liten grad hadde fokusert på teori, «men kanskje heller metode, didaktikk, identitet og vitenskapsteoretiske spørsmål».<sup>51</sup> Mykje det same kan seiast om bidraga innan historievitskap i *Heimen* dei siste 25 åra.

Det er ikkje berre posisjonen til historievitskap som er oppsiktsvekkjande. Like oppsiktsvekkjande er den tilsynelatande minkande interessa for slike grunnlagsdiskusjonar det siste tiåret. Der nesten 30 % av artiklane mellom 1995 og 2010 ligg i denne kategorien, var det berre 11,5 % av artiklane publisert mellom 2011 og 2021 som diskuterte og reflekterte over tema knytt til historievitskap. I *Historisk tidsskrift* var interessa for historievitskap vedvarande òg etter 2010, medan doktoravhandlingar etter 2010 synte ein empiristisk orientering.<sup>52</sup> Det er vanskeleg å vite kor mykje ein skal lese inn i desse tendensane; kanskje uttrykker den tilsynelatande fallande interessa for historievitskap i *Heimen* ikkje så mykje eit kvileskjer som ein periode av ettertanke og refleksjon etter 20 år med meir eller mindre kontinuerleg historievitskaplege diskusjonar.<sup>53</sup>

Om *Heimen* reflekterer mangfald og utvikling med omsyn til saksfelt, stiller saka seg ganske annleis når det gjeld spørsmålet om historisk periode. Kontinuitet er det overordna trekket. Ei samanlikning av perioden 1995–2000 og 2016–2021 illustrerer fleire sider av slik kontinuitet. Ikkje berre er dei same historiske periodane tonegjevande, men det relative tilhøvet mellom periodane er òg nesten heilt likt når dei to tidsbolkane blir samanlikna. Antikken er fullstendig fråverande, medan mellomalder er den historiske perioden som er svakast representert – og med ei nedgåande utvikling (frå 11,1 % til 7 %). Sjølv om òg *Historisk tidsskrift* såg ein nedgang i artiklar om mellomalderen frå 1980-talet av, er det framleis den perioden innan eldre tid som er best representert. Kanskje har dette mest å gjere med at kjeldesituasjonen set langt større avgrensingar for lokalhistoriske utforskingar enn dei som krinsar kring det rikshistoriske.<sup>54</sup>

Perioden 1500–1800, som er svakare representert i *Historisk tidsskrift*, har ein sterk og vedvarande posisjon i *Heimen* og er nytta i kring 25 % av artiklane. Når det gjeld tida etter

50. Ryymän et al. 2019: 150

51. Niemi & Winge 1994: 12

52. Melve 2021: 326

53. Inntrykket frå andre felt, som arkeologi og kulturhistorie, er at faghistoriske refleksjonar var på sitt mest intense kring år 2000.

54. Sjå blant anna drøftinga i tilknytning til «mellomalderen i norske bygdebøker» (Marthinsen 1995)



1800, er det, interessant nok, 1800–1945 som er best representert i *Heimen* og ikkje samtidshistoria etter 1945, som høvet er i *Historisk tidsskrift*. Faktisk har perioden 1800–1945 styrka seg om me samanliknar dei to tidsbolkane. Medan 28,9 % av artiklane i første bolken plasserte seg i perioden 1800–1945, steig denne til 34,6 % i tidsskriftet sine siste fem år (2016–2021). Samtidshistoriske bidrag, på si side, låg stabilt (23,3 % til 22,8 %), men altså bak både 1500–1800 og 1800–1945.

Utviklinga, eller rettare sagt mangelen på utvikling i *Heimen* er oppsiktsvekkjande, ikkje minst i ljøs av at historisk forskning dei siste tiåra gong på gong har blitt minna på krav om aktualitet og samfunnsrelevans. Historikarar har vel generelt hatt eit ambivalent tilhøve til samtidshistoria, avleia frå ei oppfatning om at avstand i tid er naudsynt for å gå i gang med historisk analyse. Skilnaden mellom samtidshistoriske bidrag i *Historisk tidsskrift* og i *Heimen* tyder på at skepsisen stikk djupare blant lokalhistorikarar. Om det er slik at det midt på 1990-talet var teikn på at lokalhistorikarar var i ferd med å overvinne denne samtidshistoriske frykta,<sup>55</sup> tyder bidraga i *Heimen* på at lite har skjedd. Det er freistande å knyte denne skepsisen til den lokalhistoriske erkjenningssinteressa. Det romantiske sløret frå den første perioden av tidsskriftet er for lengst fjerna, men dei historiske periodane som la grunnlaget for det lokalsamfunnet me kjenner – eller lengtar etter – pregar openbart framleis *Heimen*.

I så måte gjer det òg meining at det heller ikkje finst mange periodeoverskridande artiklar i dei to samanlikna tidsbolkane – i underkant av 8 %. Prosentdelen er faktisk lik i andre halvdel av 1990-talet og ved utgangen av vår periode. Heller ikkje i *Historisk tidsskrift* finst det mange periodeoverskridande artiklar, men her har det siste tiåret sett ein markant auke.<sup>56</sup> At den tradisjonelle periodiseringa står sterkt i eit nasjonalt *Historisk tidsskrift*, kjem knapt overraskande; periodiseringa er trass alt avleia frå det nasjonale nivået på undersøking (som i sin tur er nytta av hovudvekta av artiklane). Det er difor langt meir overraskande at den tradisjonelle periodiseringa står så sterkt i *Heimen*. Sjølv om dialogen med det rikshistoriske er viktig i mange undersøkingar, er det nok òg lokalhistoriske undersøkingar som i større grad bør reflektere over følgjene av å setje det rikshistoriske som premissgjevar og såleis få ei periodemessig tvangstrøye tredd over seg.

## Temanummer og forfattarar

Gjennomgangen av *Heimen* gjev unekteleg inntrykk av at det berre i liten grad er samsvar mellom redaksjonelle erklæringar og profilen til tidsskriftet. Her er det på sin plass å peike på at *Heimen*, som eit postkassetidskrift, har avgrensa spelerom. Mengda og samansetninga til innsendte bidrag blir dermed ein viktig faktor, og her finst det skilnader. Stofftilgang har vore ei utfordring tidlegare, og òg etter 1995 er det periodar der *Heimen* openbart har hatt dårlegare stofftilgang. Volda-redaksjonen hadde god tilgang på artiklar, medan påfølgjande redaksjonar (Kristiansand og Stavanger) hadde det litt tyngre.<sup>57</sup> Det same gjeld for Nordland-redaksjonen,<sup>58</sup> medan redaksjonen frå Trøndelag gav uttrykk for at dei «har hatt god stofftilgang i heile perioden».<sup>59</sup>

Kven er det så som publiserer i *Heimen*? Då Odd Stensrud i 1982 hevda at *Heimen* var «et kjedelig blad», var det fordi «grasrota» ikkje lenger hadde ein plass i eit tidsskrift prega av «lange artikler som forskere skriver for andre forskere».<sup>60</sup> Stensrud, som sjølv hadde hovud-

55. Niemi & Winge 1994: 10

56. Melve 2021: 320

57. Kjelland et al. 1998b: 241; B. Slettan 2000: 257; Østrem et al. 2006c: 249

58. Hutchinson et al. 2014: 291

59. Mellemsæther et al. 2018: 301

fag i historie og arbeidde som lokallhistorikar og bygdebokforfattar, rekna seg altså som grasrota, til skilnad frå «forskere», som eg vil tru viser til institusjonshistorikarar med doktorgrad. Det er liten tvil om at tidsskriftet i løpet av 1970-talet blei prega av ei sterkare vitenskapleg erkjenningssinteresse, men det er ikkje klart om dette i all hovudsak skuldast forskarar «som skriver for andre forskere».

Det tidsskriftet som møtte oss i 1995, var nemleg mangfaldig når det gjeld bidragsytarar. Av dei 17 bidragsytarane var det 8 institusjonshistorikarar (om enn berre 1 professor (Jørn Sandnes)). Av dei 9 attverande var 4 hovudfagskandidatar, 4 var frå arkivverket, og 1 var lektor. Samansettinga liknar faktisk meir på det første nummeret av *Heimen* i 1922<sup>61</sup> enn eit tidsskrift monopolisert av forskarar. Frå eit slikt utgangspunkt er skilnaden til dei 18 forfatarane som stod bak 2021-årgangen, stor. 12 av forfatarane var institusjonshistorikarar, medan 1 forfattar hadde doktorgrad i historie (men ikkje stilling innanfor universitet, høgskule eller forskning). Elles var bidragsytarane 2 masterstudentar, 1 senioranalytikar, 1 pensjonert lokallhistorikar og 1 prosjektmedarbeidar. 2021-årgangen er elles representativ for ei utvikling som kan sporast attende til siste del av 2000-talet. Innføring av fagfellevurdering i *Heimen* i 2001 var eit steg i denne retninga, men det er vanskeleg å koma utanom at innføring av teljekantsystemet i 2006 skapte ein publiseringsskultur som i større grad førte institusjonshistorikarar i retning poenggejvande tidsskrift. I denne samanhengen er det interessant å konstatere at denne endringa i samansettinga av bidragsytarar ikkje har ført til store endringar i profilen til tidsskriftet. Ut over mindre interesse for historievitenskaplege emne er det som nemnt mangel på utvikling som helst karakteriserer *Heimen* i denne perioden.

Stofftilgangen har, som me har sett, vore varierende. God stofftilgang opnar for ei sterkare redaksjonell hand, men elles er det helst gjennom temanummer at ein redaksjon kan setje sitt avtrykk på tidsskriftet. Alle redaksjonane sidan 1995, med unntak av den sitjande, har operert med temanummer, om enn i ulikt omfang. Redaksjonane i Telemark og Vestfold (12) og dessutan den med base i Trøndelag (8) var mest aktive på dette området, følgd av redaksjonane i Volda (5), Nordland (4) Kristiansand (3) og Stavanger (3). Temanummera fordeler seg ganske så likt med omsyn til kjønn, periode, geografisk rom og saksområde, med unntak av dei to mest aktive redaksjonane. For desse redaksjonane er det to ting å merke seg. Det er først og fremst ein noko høgare kvinnedel i temanummera, og særleg er dette synleg hjå Trøndelag-redaksjonen. Temanummera krinsar òg i større grad kring teoretiske problemstillingar, delvis knytt til det tverrfaglege og delvis sett i høve til eit internasjonalt perspektiv. Dette gjeld særleg for redaksjonen i Telemark og Vestfold, der tre temanummer tok opp historieteoretiske problemstillingar, men òg ved at ein høgare del av bidraga innanfor dei andre temanummera inneheld teoretiske og metodiske refleksjonar.

Då Halvard Bjørkvik reflekterte over tidsskriftet ved 75-årsjubileet i 1997, kommenterte han det då nye innslaget med temanummer. Han meinte at slike nummer hadde mykje for seg, men at emna måtte veljast i ljøs av eigenarten og oppgåvene til lokallhistoria.<sup>62</sup> Sjølv om det er liten grunn til å tru at dei mange redaksjonane sidan 1995 har hatt rådet i bakhovudet, syner ein gjennomgang at temanummera i all hovudsak følgjer den overordna profilen knytt til rom for undersøking, saksfelt og kjønnsdimensjon. Unntaka er som nemnt dei to mest aktive redaksjonane. Desse temanummera var prega av høgare kvinnedel og fleire teo-

60. Stensrud 1982: 1

61. Oscar Albert Johnsen og Edvard Bull var dei einaste institusjonshistorikarane i det første nummeret. Arkivarane med bakgrunn frå folkeminnegranskinga dominerte, med heile fem artikkelforfattarar, men òg folkloristar, lærarar og ein kunsthistorikar bidrog til det første bandet, sjå «*Heimen*. Erkjenningssinteresser, redaksjonell profil og sjølvforståing. Del 1 (1922–1994)»

62. Bjørkvik 1997: 251

retiske og metodiske diskusjonar.

Fordjuping i allereie godt etablerte rammer er sjølvstøtt heilt på sin plass, men det vil heller ikkje skade om redaksjonar i større grad prøver å utfordre seg sjølve og lesarane ved å sjå ut over «eigenarten og oppgåvene til lokalhistoria». Det bør i alle høve ikkje mangle emne og innfallsvinklar. Internasjonalisering i ho si mange variantar er allereie nemnt, men òg andre emne burde i ljøs av *Heimen* sin profil og utvikling dei siste tiåra vere interessante. Samanlikning i lokalhistorisk forskning, politisk historie på lokalnivå og lokalhistoria sitt lett utfordrande tilhøve til samtidshistorie er forslag som kan leie *Heimen* ut over gamle og trygge, men kanskje noko kjedelege rammer.

## Avslutning

Utviklinga av profilen i det tidsrommet som er undersøkt i denne artikkelen, 1995–2022, må forståast i ljøs av den «indre identiteten» som tidsskriftet synleggjorde ved inngangen til 1990-talet.<sup>63</sup> Eg har i ein annan samanheng prøvd å få grep om kva som utgjorde denne identiteten, ved å sjå på tilhøvet mellom tre erkjenningssinteresser – ei lokalhistorisk, ei institusjonell og ei vitskapsteoretisk. Av desse erkjenningssinteressene, som alle blei sette fram i første band av tidsskriftet i 1922, forsvann den institusjonelle på 1960- og 1970-talet, medan den vitskaplege har styrka seg i etterkrigstida, og den lokale erkjenningssinteressa har vore eit konstant element.<sup>64</sup>

Det overordna spørsmålet i denne framstillinga har difor vore kva som utgjer *Heimen* sin «indre identitet» i tida mellom 1995 og 2022. Ein gjennomgang av 450 artiklar har gjort det mogeleg å peike på somme identitetsmarkørar. Ein slik kjem me på sporet av ved å spørje etter kva geografisk rom artiklane i *Heimen* soknar til. Svaret er at det store fleirtalet av artiklar etter 1995 opererer i eit norsk lokalt og regionalt rom, og mange av dei vil nok kvalifisere til det Jørn Sandnes kalla «ekte» lokalhistorie: historieskriving prega av kjærleik til den særskilde staden som blir studert.<sup>65</sup>

Denne sterke lokalhistoriske erkjenningssinteressa kjem ikkje berre til uttrykk i det store talet på artiklar forankra i eit lokalt eller regionalt geografisk rom, men òg i dei mange artiklane som diskuterer forma og funksjonen til lokalhistoria. I form av både temanummer og individuelle artiklar vitnar desse artiklane om eit medvite og reflektert forhold til ei rekkje sider ved den lokalhistoriske aktiviteten. Viktig er det òg at fleire av desse grunnlagsdiskusjonane var av ein annan karakter enn dei noko innoverskodande debattane på 1970- og 1980-talet.<sup>66</sup> Diskusjonane etter 1995 har i større grad vore prega av dialog med internasjonal forskning, stundom ved at ikkje-norske kollegaer har blitt invitert til å delta.

I kva grad denne distinkte lokalhistoriske identiteten står i samband med ei slags arbeidsdeling mellom *Historisk tidsskrift* og *Heimen*, er vanskeleg å seie sikkert. Det som kan hevdast, er at *Heimen* er eit mindre mangfaldig tidsskrift enn *Historisk tidsskrift*. Saksfelte i *Heimen* er rett nok blitt fleire dei siste 25 åra, men tendensen er likevel at dei same saksfelte som har prega tidsskriftet – i alle fall sidan 1980-talet – framleis har ein dominerande posisjon. Sosialhistoriske emne står sterkt, og det same gjer økonomisk historie og dessutan artiklar innanfor kategorien «historievitskap og 'hjelpevitskapar'». Det saksfelta som dominerer i *Historisk tidsskrift*, politisk historie, er nesten fråverande i *Heimen*. Kan-

63. Då Halvard Bjørkvik reflekterte over 75-årsjubilanten i 1997, peika han på «ein indre identitet» i lokalhistoria som *Heimen* har vore med på å styrkja, Bjørkvik 1997: 249

64. Sjå «*Heimen*. Erkjenningssinteresser, redaksjonell profil og sjølvforståing. Del 1 (1922–1994)»

65. Tretvik 2004: 15

66. «... the Norwegian discussion has been relatively inward-looking», Winge 1995a: 254

skje er det framleis slik at politisk historie, til og med i si lokale og regionale tapping, er for nært knytt til rikshistoria til at *Heimen* blir sett på som eit alternativ.

Det er avslutningsvis fristande å peike på skilnader mellom dei to tidsskrifta som går ut over dei faktorane som har blitt diskuterte, men som like fullt målber ei lokal erkjenningssinteresse, nemleg målføre. Der bokmål dominerer stort i *Historisk tidsskrift*, har *Heimen* eit rimeleg høgt innslag av nynorsk. I overkant av 22 % av artiklane i tida mellom 1995 og 2021 har nynorsk som målføre.<sup>67</sup> Det er mogeleg at nynorskbrukarar i større grad skriv lokalhistorie, men nynorskbruken kan like godt vere eit resultat av at forfattarane i *Heimen* er meir mangfaldige enn dei i *Historisk tidsskrift*, og særleg gjeld dette med omsyn til lokal forankring.

I den same perioden der fleire har diskutert ei aukande fragmentering av historiefaget, er det altså lite med *Heimen* som ber vitne om eit landskap med sterke bindestreksdisiplinar som berre i liten grad er i dialog. Mykje tyder på at tesen om fragmentering er overdriven, men det er mogeleg å vri det heile rundt og hevde at alle desse markørane på ei lokalhistorisk erkjenningssinteresse mest av alt indikerer at lokalhistorie er ein integrert og konsolidert bindestreksdisiplin – kanskje den mest utprega av sitt slag.

## Litteratur

- Abrahamsen, O. A., Slettan, B. & Sætra, G. (1999). Ny redaksjon i Kristiansand. *Heimen*, 36(1), 1.
- Abrahamsen, O. A. (2001). Fra redaksjonen. *Heimen*, 38(1), 1–1.
- Alsvik, O. (1996). *Fagfelt og Folkerørse. Norsk lokalhistorie i det 20. århundre*. Norsk lokalhistorisk institutt.
- Berggreen, B. (1984). Kvinneboden og mannsbonden i kulturhistorien: Om maskulinisering av det norske jorbruket. *Heimen*, 21(1), 1–16.
- Bjørkvik, H. (1997). *Heimen 75 år – 1922-1997*. *Heimen*, 34(4), 243–253.
- Habermas, J. (1968). *Erkenntnis und Interesse*. Suhrkamp.
- Hoel, O. L., Holme, A. L., Nilsen, Y., Sandvik, M. S. & Yttri, G. (2019). Frå redaksjonen. *Heimen*, 56(1), 5–7.
- Hoel, O. L., Holme, A. L., Nilsen, Y., Sandvik, M. S. & Svenungsen, P. B. (2021). Frå redaksjonen. *Heimen*, 58(2), 113–114.
- Hundstad, D. (2020). Lokale historier. Lokalhistorie, muntlig historie og historiefag i et historiografisk perspektiv. *Tidsskrift for kulturforskning*, 19(1), 5–28.
- Hutchinson, A. (2003). Lokalhistorie i England – landskap og kultur. *Heimen*, 40(4), 283–296.
- Hutchinson, A., Karlsen, W. & Aas, S. (2014). Frå redaksjonen. *Heimen*, 51(4), 289–292.
- Johnsen, O. A., Bing, J., Bull, E. & Liestøl, K. (1922/25). «Heimen». *Heimen*, 1, 1–3.
- Kjelland, A., Døssland, A. & Løseth, A. (1995). Ny redaksjon i Volda. *Heimen*, 32(1), 1–2.
- Kjelland, A., Døssland, A. & Løseth, A. (1998a). Frå redaksjonen. *Heimen*, 35(3), 161–162.
- Kjelland, A., Døssland, A. & Løseth, A. (1998b). Frå redaksjonen: takk for oss. *Heimen*, 35(4), 241–242.
- Klausen, A. M. (1998). Lokalhistorie i et globalt perspektiv. Om sammenligning og generalisering som problem. *Heimen*, 35(3), 163–168.
- Marthinsen, L. (1995). Mellomalderen i norske bygdebøker. *Heimen*, 32(3), 147–160.
- Marthinsen, L. (1997). Norsk lokalhistorie etter 1970 – tradisjon og fornyelse. I E. Braut (Red.), *Blikk på lokalhistorie. Norsk lokalhistorie etter 1970. Rapport frå eit jubileumsseminar* (s. 9–22). Norsk lokalhistorisk institutt.
- Mellemsæther, H., Røskaft, M., Slottemo, H. G. & Tretvik, A. M. (2018). Frå redaksjonen. *Heimen*, 55(4), 301–302.
- Melve, L. (2021). *Historisk tidsskrift 1945-2020*. Mellom konservatisme og nyskaping. *Historisk tidsskrift*, 100(4), 315–332.
- Molde, J. (1995). Register til *Heimen* 1967-1944 (Bd. XIV–XXXI). Landslaget for lokalhistorie.

67. 99 av 450 artiklar. I tillegg til bokmål og nynorsk har det sidan 1995 blitt prenta 11 artiklar på dansk og svensk, men ingen på engelsk – til skilnad frå i *Historisk tidsskrift*.

- Niemi, E. & Winge, H. (1994). *Lokalhistorie som etterkrigshistorisk forskningsfelt*. LOS-senter Notat 93/11.
- Nordby, G., Dørum, K. & Eliassen, F.-E. (2007a). Fra redaksjonen. *Heimen*, 44(1), 1–2.
- Nordby, G., Dørum, K. & Eliassen, F.-E. (2007b). Fra redaksjonen. *Heimen*, 44(4), 273–273.
- Nordby, G., Dørum, K. & Eliassen, F.-E. (2008). Fra redaksjonen. *Heimen* 45(3), 193–194.
- Nysæter, E. (1995). Frå institusjon til paraplyorganisasjon. Landslaget for lokalhistorie 1970-1995. I E. Nysæter, D. Slettan & H. Winge (Red.), *I arbeid for lokalhistorie og kulturvern. Landslaget for lokalhistorie 75 år, 1920-1995* (s. 43–76). Landslaget for lokalhistorie.
- Røskaft, M., H. G. Slottemo & A. M. Tretvik (2015). Frå redaksjonen. *Heimen*, 52(1), 1-3.
- Ryymin, T. S., Andresen, A., Heiret, J. & Melve, L. (2019). Hovedtendenser i norsk historievitenskap 1969-2015 belyst gjennom doktoravhandlinger. *Historisk tidsskrift*, 98(2), 130–166.
- Sandnes, J. (1976/78). Ny redaksjon. *Heimen*, 17(1), 1–2.
- Skeie, J. (2018). Hva var norsk lokalhistorie? Om forholdet mellom lokalhistorie og historieforskning. I O. Alsvik, H. P. Hosar & M. Wiig (Red.), *I dørtrekken fra Europa. Festskrift til Knut Sprauten i anledning 70-årsdagen 22. juni 2018* (s. 444–487). Nasjonalbiblioteket.
- Slettan, B. (2000). Frå redaksjonen. *Heimen*, 37(4), 257–258.
- Slettan, D. (1995). Lokalhistorie ved universitet og høyskolar etter 1970. I E. Nysæter, D. Slettan & H. Winge (Red.), *I arbeid for lokalhistorie og kulturvern. Landslaget for lokalhistorie 75 år, 1920-1995* (s. 95–126). Landslaget for lokalhistorie.
- Stensrud, O. (1982). Hva er galt med «Heimen»? *Heimen*, 19(1), 1–3.
- Stråth, B., Lindkvist, T., Warring, A. E. & Villstrand, N. E. (2008). *Evaluering av norsk historiefaglig forskning: bortenfor nasjonen i tid og rom*. Norges Forskningsråd.
- Tretvik, A. M. (2004). *Lokal og regional historie*. Samlaget.
- Winge, H. (1995a). Local History. I W. E. A. Hubbard (Red.), *Making a Historical Culture. Historiography in Norway* (s. 240–260). Scandinavian University Press.
- Winge, H. (1995b). Norsk lokalhistorisk litteratur 1970-1995. I E. Nysæter, D. Slettan & H. Winge (Red.), *I arbeid for lokalhistorie og kulturvern. Landslaget for lokalhistorie 75 år, 1920-1995* (s. 77–94). Landslaget for lokalhistorie.
- Østrem, N. O., Tysdal, O. & Lillehammer, A. (2003a). Frå redaksjonen. *Heimen*, 40(1), 1–2.
- Østrem, N. O., Tysdal, O. & Lillehammer, A. (2003b). Frå redaksjonen. *Heimen*, 40(2), 81–81.
- Østrem, N. O., Tysdal, O. & Lillehammer, A. (2005). Frå redaksjonen. *Heimen*, 42(2), 97–97.
- Østrem, N. O., Tysdal, O. & Lillehammer, A. (2006a). Frå redaksjonen. *Heimen*, 43(1), 1–1.
- Østrem, N. O., Tysdal, O. & Lillehammer, A. (2006b). Frå redaksjonen. *Heimen*, 43(3), 177–178.
- Østrem, N. O., Tysdal, O. & Lillehammer, A. (2006c). Frå redaksjonen. *Heimen*, 43(4), 249–250.
- Aas, S. & Hutchinson, A. (2013). Frå redaksjonen. *Heimen*, 50(3), 193–193.
- Aas, S., Hutchinson, A. & Nordstrand, L. (2011a). Fra redaksjonen. *Heimen* 48(1), 1–1.
- Aas, S., Hutchinson, A. & Nordstrand, L. (2011b). Fra redaksjonen. *Heimen* 48(2), 97–97.